



Skagenesets venner v/Ove Hjelmeland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/334 - 15/7825

Saksbehandlar:

Kjartan Medaas

kjartan.medaas@radoy.kommune.no

Dato:

30.06.2015

## Svar på søknad - midlar til tilrettelegging av sti til Skageneset

Viser til søknad om midlar til tilrettelegging av stiar mot Frå Manger, Urhaugen og Birkelandsvågen mot Skageneset.

Radøy kommune har kjøpt inn følgjande material/trevarer til tilrettelegging av desse stiane:

28x120	48x98	48x148	48x198	Festematriell	Rastebenk	Gjerdeklyv
1800	705	0	16	47	1	1

Bergen og omland friluftsråd ynskjer å søkja spelemidlar til vidare opprusting av stien. Det er difor ikkje løyvd midlar til brua de har søkt om. For å synleggjera eigeninnsatsen i spelemiddelsøknaden er det viktig at de skriv ned kor mange timar de brukar på dette arbeidet.

Kloppene, gjerdeklyva og benkane skal plasserast slik som vist i søknaden. Kloppene skal vera om lag 60 cm breie. Terrasseborda skal plasserast på tvers med kring 1 cm mellomrom.

Det må skrivast grunneigaravtale mellom alle grunneigarar og Radøy kommune. Det må også skrivast vedlikehaldsavtale for stien mellom Radøy kommune og tilretteleggjar.

Materialane kan hentast på Manger etter avtale med kultur- og sørvistorget på tlf. 56 34 90 00 eller på e-post: [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no) når grunneigaravtalane er returnert Radøy kommune.

Med helsing

Kjartan Medaas  
oppmålingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Skagenesets venner v/Ove  
Hjelmeland